



Notat

Dato: 10.10.2014
Arkivsak: 2014/14001-20
Saksbehandlar: arnasan

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordfører

Budsjettforslag 2015 for tannhelsetenesta

Det vert vist til spørsmål frå representanten Benthe Bondhus.

I budsjettforslaget for 2015 får tannhelsetenesta i Hordaland ein reduksjon i driftsbudsjettet på 4 mill kr. Dette er føreslått dekkja inn på følgjande måte:

- 3% auke i honorartakst = 1 mill i ekstra inntening
- Samlokalisering av tannklinikkar – effektivisering av drift = 3 mill reduksjon i driftsbudsjett

Samlokalisering av tannklinikkar – effektivisering av drift i 2015

Årlege driftskostnader pr tannklinikkk varierer alt etter storleik, leigeavtalar, type og alder på utstyr, lagerhald av forbruksvarer osv. Som eit gjennomsnittleg anslag vil ein mindre tannklinikkk ha årlege driftsutgifter på 0,5 mill kr.

For å få ei inndekking på 3 mill vil det i 2015 måtte fattast vedtak om nedlegging av 6 tannklinikkar. Fire av desse er avhengig av vedtak om nedlegging når klinikkkstrukturplanen for tannhelsetenesta kjem til handsaming i fylkestinget mars 2015.

Samordning/nedlegging av to tannklinikkar er omtalt i tidlegare politiske saksframlegg, bl a budsjett for 2014. Dei to tannklinikkkane er:

- Ny tannklinikkk i Solheimsviken
Denne tannklinikken skal erstatta nåverande tannlegevakten i Bergen og nåverande Engen tannklinikkk, og vil vera lokalisert i nabobygget til den nye legevakta i Bergen. Tannklinikken vil få 8 behandlingsrom, og skal fungera som vanleg tannklinikkk på dagtid (kl 08 – 1530), og som tannlegevakt frå kl 18. Ny tannklinikkk i Solheimsviken vil stå klar til sommaren 2015.
- Ny tannklinikkk på Askøy
Denne tannklinikken skal erstatta nåverande Kleppestø tannklinikkk og nåverande Florvåg tannklinikkk, og vil bli lokalisert i Kleppestø senter. Tannklinikken vil få 11behandlingsrom, og vil stå klar til sommaren 2015.

